

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim



KONSERT MED EDVARD OG INE HOEM

Onsdag 02.april kl. 19.00

Dette er datoen kyrkja vart innvia i 1865. I denne samanheng inviterer vi til konsert med Edvard og Ine Hoem. Far og dotter Hoem har opplevd stor suksess på kvart sitt felt. Edvard Hoem har gleda lesarar over heile Norge gjennom fleire generasjoner, mellom anna med romanane om forfedrane hans som utvandret til Amerika, og Ine Hoem har gjort stor suksess med sin smakfulle visepop med songar som «Jeg vil aldri hjem», «Vi trenger ikke hage vi» og "Broren din"

Billetter får du på Ticketco, evt gå inn via www.austrheimkyrkja.no
Billettpris kr 350,- evt gå inn via www.austrheimkyrkja.no

Kyrkjebakken nr. 2 – 2025 – januar – årgang 54- Nytt stoff innan 14.mars



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
Stein Hugo Fykse 909 60 154
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen
Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat
for eventuelle endringar.

Søndag 02.mars kl. 17.00 - Gudsteneste

Søndag 16.mars kl. 12.00 - Gudsteneste

Onsdag 26.mars kl. 11.00 - Bygdatreff

Onsdag 26.mars kl. 18.00
Årsmøte Austrheim sokn

Søndag 30.mars kl. 12.00
Jubileumsgudsteneste Austrheim kyrkje 160 år

Onsdag 02.april kl. 19.00
Jubileumskonsert med Edvard og Ine Hoem

Tysdag 08.april - Fasteaksjonen

160 Søndag 30.mars

**Jubileumsgudstenesta vil både
markere at kyrkja er 160 år,
samt markere at Leif Arne Økland
går av med pensjon.**

**Knøttekoret vil vere med å syngje
og sjølve gudstenesta
vert lagt opp slik som
Gudsteneste for alle.**

Det blir kyrkjekaffi med kake etterpå.



Andakt

To gongar i semesteret arrangerer kyrkja «Gudsteneste for alle». Det er ei fredagsgudsteneste tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er nokon som stussar på namnet, men det har si naturlege forklaring. Norsk forbund for Utviklingshemmede NFU sitt medlemsblad er «Samfunn for alle», og dermed vart samarbeidet vårt om gudsteneste til «Gudsteneste for alle».

Preika vert ofte lagt opp som ei dramatisering, og denne fredagen var

ingen unntak. I bibelen les me om at Jesus fortel om såmannen som sådde kornet sitt. Noko fall langs vegen og vart tråkka ned og ete opp av fuglar. Noko fall på steingrunn og visna. Noko fall blant ugras og vart kvelt, men noko falt i god jord og vaks opp og bar frukt. Etter at Leif Arne hadde lest dette hadde me ei forklaring. Då var Amelie framme med eit hjarte rundt halsen som du kan sjå på bilete. Så vart det forklara at såkornet er Guds ord. Når kornet fell attmed vegen, betyr det at det er nokon som høyrer Guds gode ord. Men djevelen kjem og nappar det bort med det same. På den måten får det ingen sjanse til å festa seg.

Forsettelse neste side

Dei som høyrer Guds gode ord gløymer det ut med det same. Når kornet havnar på steingrunn betyr det dette: Den som tek imot Guds gode ord vert kjempeglad og smiler og dansar. Men når nokon kjem bort til deg og mobbar deg for at du trur på Jesus, då vert du plutseleg redd. Det å tru vert vanskeleg. Den som har det slik vender seg bort og vert trist og lei seg. Den som har det slik sluttar å tru på Gud. Det kornet som vart kvelt av ugras betyr at bekymringar kan tyngje deg ned, og det kan bety at du fyller hjarta med andre ting slik at Guds ord ikkje får plass. Men alt kornet som vart sådd i den gode jorda, det fører til at kornplantane veks og trives.

Dei strekkjer seg mot himmelen og det veks fram aks med store mengder korn i. Det er dei som tek vare på Guds gode ord. Det er dei som finn trøyst og glede i å høyra Jesus til og leva for han og for kvarandre.

Amelie viste dei forskjellige måtane Guds ord kom inn i hjarta ved å bruke ein bibel, som er Guds ord. Først då ho låg bibelen godt ned i hjarta fann ho trøyst og glede. Det er det gode med å ha såkornet i hjarta. Det fører ikkje berre til trøyst eller berre til glede, men det fører til at Gud er med deg gjennom alt. Både det gode og det vonde.

*Andakt av Jostein Hauge og
Leif Arne Økland*



Austrheim sokn

Gravlagde

04.02: Aslaug Johanna Fredriksen f. 1940

14.02: Magne Sigbjørn Angelvik f.1954 (utanbygds)

Hjarteleg takk

til diakoninemnda for hjartesjokoladen og helsinga eg fekk på 90 års dagen min.

Helsing Margit Kvamme

Tusen takk

Tusen takk til diakoninemnda for fin helsing på min 89 årsdag.

Helsing Idar Kaland

Tusen takk

Tusen takk for all omtanke, fine blomster og helsinger i forbindelse med vår kjære mor, Sigrunn Fonnes, sin bortgang. En ekstra takk til de omsorgsfulle pleierne på demensavd., Nordliheimen, der ho bodde de siste 2 årene. Takk til alle som kom og deltok i Sigrunn sin begravelse.

**Helsing Gun, Sigbjørn, Arve og Birgit
m/familie ❤️**

Takk så mykje

til diakoninemnda for hjartesjokoladen eg fekk og for Anny som kom og gav seg tid til ein prat.

Helsing Edny Wiken Pedersen.

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

| | |
|---------------|----------------|
| Heilside | 1000,- |
| Halvside | 500,- |
| 1/3 side | 350,- |
| 1 / 4 side | 250,- |
| Små annonser | 150,- |
| Takkeannonser | GRATIS! |



Bygdatreff

I januar handla det om den nedlagde skulen i Rongevær. Mikal Krossøy fortalde vidare frå sist han hadde om Øyane. Lars Even Mongstad kom dit som nyutdanna lærar saman med kona Ingrid.

Ein film av Stanley Jacobsen vart vist der me fekk sjå Lars Even frå unge dagar. Deretter vart eit ferskt intervju vist der han fortalde korleis tida i Rongevær var. Rune, Jostein og Jan var med som vanleg og gjorde det til eit flott treff for 100 framømte personar.

Neste treff 26.3.25



ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 9 mars. 11:00 Søndagsmøte, Helen Romarheim talar.

Torsdag 13. mars. 19:00 Årsmøte

Søndag 23. mars. 11:00 Søndagsmøte, Lars Arne Markhus talar.

Mandag 31.mars kl. 17:00 Ønskekonserten.

Søndag 6. april, 11:00. Søndagsmøte, Asle Hetlebakke talar.

Søndag 21. april, 11:00. Søndagsmøte m/nattverd. Reidun Skurtveit talar.

Søndag 4. mai, 11:00. Søndagsmøte, Solveig Hosøy talar.

Kjellaren for 5-8. trinn. Onsdagar 18:00-19:30

**Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.**



Program våren 2025

Austrheim Hagelag

- Laurdag 8. mars: Piletrefletting med Mette Thorson. Kyrkjelydshuset kl 10-15. Kr 400,- for medlemmar, kr 600,- for ikkje-medlemmar. Påmelding.
- Torsdag 3. april: Kurs i beskjæring av frukttr e med Thomas Rikstad, Rikstad Bigård, Hella. Kl 18. Ope for alle. Pris kjem seinare.
- Tysdag 6. mai: Dugnad p  Kolerakyrkjegarden. Vi ryddar, lukar og tek ein kaffipause i lag.
- Laurdag 24. mai: Planteloppemarknad ved Austrheim kommunehus kl 12-15. Sal av kortreiste plantar til ein rimeleg pris.
- Laurdag 7. juni: Bes k i hagen til Tove Lang y, Spjeldneset. For medlemmar. Pris kjem seinare. P melding.

Meir informasjon om arrangementa finn du n r det n rmar seg p  facebook og instagram og ved oppslag.

Vi ser fram til eit spanande halv r i hagelaget!

austrheimindremisjon@grunde.no Austrheim Hagelag v/Janet Talberg (leiar) 17.03.2025

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

KORKAFE



Austrheim samfunnshus
Søndag 02.mars kl. 15.30

På programmet:
- Austrheim Seniorkor
med dirigent Kjersti Møllerup Wiik

- Sangkoret Safir
med dirigent Mats Roar Sakshaug

- Løen Sangkor
med dirigent Anne Lise Fjelland



- Solistar
- Åresal
- Matokt
- Allsang

Billettpris kr. 200 – barn gratis
Arr. Austrheim seniorkor

UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering:

14.februar

14.mars

20.april

30.mai

Kyrkjebakken kjem ut:

26.februar

26.mars

29.april

14.juni



Oppussing av
gravmonumenter

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto

vatne-byra.no

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Varm. Lokal.
Erfaren. Åpen.



Marit K. Haukeland



Marita Haukeland



Solvi H. K. Mjøs



Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 - www.nordh-bb.no - Kyrkjevegen 1, Alversund - Havnevegen 3, Frekhaug



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM





Jubileumsbasar

Me er i jubileumsåret 2025 og derfor har me fleire forskjellige arrangement som markerer dette. I januar var det ein heidundrande flott basar på samfunnshuset. Der samla me inn ca 190 000 kr til nye bord og stolar på kyrkjelydshuset. Basaren vart arrangert av fleire av dei som brukar kyrkjelydshuset. Både Austrheim

songlag, Seniorkoret, Bygdatreffet, Kjerringrokken og av soknerådet. Soknerådet er svært takksam til alle som var med å gjere dette til eit flott arrangement. Det var heilt fullt i salen og alle stolane på samfunnshuset var i bruk. Det vart servert flott song av både Knøttekoret, Austrheim songlag og Seniorkoret.



SYNG-DEG- GLAD-KVELD



Eit anna jubileumsarrangement var «Syng deg glad» kvelden 02.februar.

I mange år vart det arrangert syng deg glad kveldar i Austrheim kyrkje, og no når det var jubileum ville komiteen gjerne lage i stand ein slik kveld på nytt. Soknerådet sit stor pris på ein slik kveld, og den levde opp til forventningane. Kjell Bergsvik var med på saksofon, Tom Ove Lie

på gitar og Jostein Hauge på piano. Forsongarane var Rigmor Ludvigsen og Hanne Daae. Det var Svanhild Neteland og Rolf Sandstad som leia oss gjennom kvelden der me fekk syngje i lag, fekk høyre Rigmor og Jostein syngje, høyre om bakgrunnen for salmar og fekk slått av ein prat og takk ein kopp kaffi i pausen. Takk for alle som var med og gjorde dette til ein flott kveld!



Trekningsliste basar 26.januar til inntekt for kyrkjelydshuset

| | |
|--|----------------------------|
| 1. Eit lass grus gratis tilkjørt i Austrheim. | Egil Grøttveit |
| 2. Vevd ullpledd av villsau laget av Anne Grethe Breisnes | Tove Sætre |
| 3. Gåvekort Studio Nordhordland. | Ådne Matre Nordheim |
| 4. Matkasse | Kjetil Risnes |
| 5. Matkasse | Kjellaug Håland |
| 6. Bilde (trykk), laget av Ame Kästel | Sonja Håland |
| 7. Gavekort tur med Flamsbanen T/R for 2 personer | Oline Marie Wiik |
| 8. EU-kontroll Storebø Bil og traktor | Tove Sætre |
| 9. Vektdyne | Nils Vidar Hopland |
| 10. Maleri med motiv fra Arasvägen, laget av Uliana. | Joakim Lerøy kjenes |
| 11. . Porselensskål laget av Siri Kaland | Unni Hansen Marøy |
| 12. Maler med motiv fra Hopland, laget av Olaug Sætre | Ådne Søreide |
| 13. Spasertur til Arvikane og Vardelangen med ordføreren, inklusiv lunsj for 2 i Kilstraumen | Margun Djuve |
| 14. Gavekort Kilstraumen Brygge. | Linda Søreide |
| 15. Gavekort Kilstraumen Brygge. | Morten Sognnes |
| 16. Sjal gitt av Elle Melle | Oline Marie Wiik |
| 17. Pledd gitt av Kjell og Norlaug Matre | Asbjørn Kvalvåg |
| 18. Gåvekort Mini Frisør | Grete Karin Avseth |
| 19. Verktøy gitt av Bolig & Eiendom | Marius Hope |
| 20. Puslespill gitt av Mastrevik bok og leker | Turid Austrheim |
| 21. Blomster gitt av Aarhus blomster | Herdis og Audun Gjerde |
| 22. 5 sekker bjørkeved | Vegard Mogen |
| 23. 5 sekker furuved | Siren Krossøy Pedersen |
| 24. Gavekort abonnement avisa Nordhordland i seks månader | Merete Risnes |
| 25. Verktøy gitt av V2 bygg | Herdis Dahle |
| 26. Konsertbilletter gitt av Songlaget | Liv Hundvin Mannes |
| 27. Konsertbilletter gitt av Songlaget | Kjell Leikvoll |
| 28. Konsertbilletter til Hoem konsert gitt av soknerådet | Ingebjørg Førland Gjelsvik |
| 29. Gåvekort på tur med Gamle Vossabanen | Sigrun Matre Utsigt |
| 30. Gåvekort Voss Vind | Anne Grethe Leikvoll |
| 31. Pyrex former | May Trude Austrheim |
| 32. Sabor TV-kanne | Eivind Vikene |
| 33. Hardangerbestikk | Johanna og Tore Lerøy |
| 34. Islender barn | Helge Dyrkolbotn |
| 35. Linduk | Alice Lervåg |

**TUSEN TAKK TIL ALLE SOM GAU GEVINSTAR OG ALLE
SOM KJØPTE LODD! SOKNERÅDET**

Min Salme

Anne Dahle Austrheim



Det er godt å kunne sitje i kyrkjebenken og synge med på salmane våre, og me har mange gode salmar, både gamle og nyare. For meg er det å delta i gudsteneste ein plass der eg kan senke skuldrene og finne ro i kvardagen, ein plass der eg kjenner eg høyrer til og der det er godt å vere.

Eg var med i ungdomskoret Helgaljod, eit kor som har vore viktig for meg og mange andre. Åra som ungdom i Helgaljod har vore med å forma meg, og det at me var ein stor flokk som hadde øvingar i kyrkja gjorde at me kjente oss heime der. Det er mange gode minne frå denne tida, både opplevingar og sangar, og det er særleg ein salme som har følgt meg, og det er salmen «Kjære Gud når eg bed».

For ikkje så lenge sidan så song me denne på ei gudsteneste, og det er alltid godt å kunne synge den saman med andre. Teksten bekreftar det me alle kan kjenne på, stress og uro, og akkurat no er det nok mange som kjenner på at me lever i ei uroleg tid. Det kan og av og til vere vanskeleg å finne mening i det ein gjer, og då treng me hjelp til å sjå at me står i ein større samanheng og hjelp til å bruke oss sjølv på beste måten. Det å finne roen til å samle tankane i bøn kan vere vanskeleg. Det er så mykje som forstyrrar og uroar og det kan vere vanskeleg å finne dei rette orda når tankane flyg av garde. Då kan ein salme vere god å bruke, og det godt å vite at me alltid kan vende oss til Gud og be om hjelp.

**Kjære Gud, når eg bed
(T og M: Ralph Carmichael O: Arne Myskja)**

**1: Kjære Gud, når eg bed,
lat min tanke kvile i fred
frå alt stress i verda omkring
og all uro for daglege ting.
Lat din kjærleik få trengje seg inn
slik at han kan forandre mitt sinn.
Lat oss alle som trur på ditt ord
vera saman i bøn for vår jord.**

**2: Hjelp meg, Gud, til å gi
både pengar, arbeid og tid
i den tenesta der eg er sett,
slik at eg kan forvalte den rett.
Gi meg kraft til å dele mitt brød
med dei menneska som er i nød.
Hjelp meg søkje fornying og fred.
Høyr meg, kjære Gud, når eg bed.**

Norsk salmebok (2013) nr 717



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Hovudbiblioteket

Tysdag 10 - 15

Onsdag 14 - 19

Fredag 10 - 15



Fonnes filial

Torsdag i oddeltalsveker

10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule. Inngang ved den gamle naturfagsalen, i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

GOD BOK



KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætremarka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætremarka 2 -K-Hus

Tysdag , Onsdag og Torsdag



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30-15.00

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Hørselskontakt i
Austrheim 56 16 21 23

TAKK FOR MEG

15.august 2016 flytta eg inn på det svært romslege kontoret mitt i Kyrkjelydshuset på Austrheim. Det var mildt sagt ein stor overgang, samanlikna med avdelingsleiarjobb i NAV, der vi var 3 personar som delte det samme kontoret og flesteparten av dei øvrige medarbeidarane jobba i ope kontorlandskap. (Gitt ein gong om kva eg synest om opne kontorlandskap).

Uansett var det godt å venda tilbake igjen som tilsett i kyrkja. Før arbeidsforholdet i NAV, var eg tilsett 16 år i Bjørgvin bispedømme, med ansvar for å setja i gang og arbeida for inkludering for og saman med menneske med utviklingshemming. Dette var ei pionerstilling som var nyoppretta i 1998. Saman med fleire andre på landsplan, fekk eg vera med på ei reise der vi utvikla tiltak og tenking på dette med inkludering og tilrettelegging.

Ringen vart på mange måtar slutta då eg fekk min siste etappe i arbeidslivet nettopp her i Austrheim. Eg hadde oppstarten min her også, som leiar for sosialtenesta i Austrheim kommune i 6 år frå august 1990.

Det er berre å innrømme det: Eg har trivdes med folket i Austrheim og

etterkvart også folket på Fedje. Kommunen sitt slagord om ope landskap og ope sinn, synest eg passar godt på mentaliteten her ute. Det er noko liketil og rett fram med Austrheimfolket. Eg pustar fritt og får samarbeida med folk som vil noko og som har eit levande eigarskap, både til kyrkja og det ein ønskjer å få til her ute. Folket her er bokstaveleg talt vane med å snakka i motvind. Argumenta kan koma som ei mitraljøre og ein er som regel ikkje i tvil om kva den andre meiner.

Å vera kyrkjeverje for Austrheim sokn og etterkvart også for Austrheim og Fedje sokn, har for det meste vore ei stor glede, men sjølv sagt også ispedd ein del utfordringar. Vi har vore og er ein flott stab, med gode og flinke medarbeidarar. Frå 2019 overtok eg også som kyrkjeverje på Fedje i 20%. For at dette skulle fungera, arbeider sekretær på Fedje for Austrheim sokn i 20%, på oppgåver som eg elles ikkje ville hatt tid til innanfor ei normal arbeidstid. Denne vekslinga mellom staben på Austrheim og Fedje har vi hatt svært gode erfaringar med. Dette har ført til at stabane på Austrheim og Fedje meir og meir overlappar kvarandre. Det bidrar til at vi no nesten oppfattar oss som ein stab



og ikkje to. Det fører også til at vi kan tilby større stillingar, no når stillingskabalene måtte leggast på nytt. Og det fører til at vi vert meir robuste i forhold til oppgåvene som skal løysast. Nokre stillingar vil uansett vera lokalt forankra, som kyrkjjetenar, reinhaldarar og kyrkjegardsarbeidar.

Når Jostein Hauge no rykkjer opp som kyrkjeverje for begge sokna og underteikna gir seg, har vi no fått på plass ein samla sekretærressurs på 100% og ein kyrkjemusikar i 60% for begge sokna.

Eg arva fleire gode rutinar og system frå min forgjengar Bodil Monslau. Ho var også god å spørja i starten, då ho overlappa meg i mi rolle i tillegg til at ho hadde eit deltidsgasjement med å digitalisera alle gravene i Austrheim i gravleggingsprogrammet som vi brukar.

Tidlegare ytte kommunane rekneskap og lønstenester til begge sokna. Det har dei av ulike årsaker ikkje kunna ta på seg vidare. Desse tenestene vert no utført av Aider, som dei siste åra har dyktiggjort seg på kyrkjerekneskap.

Desse tenestene har ei kostnadsside og begge kommunane har lagt midlar i potten, for at vi kan få utført desse oppgåvene. For at sokna skal kunna driva si verksemd på ein fornuftig og bærekraftig måte, er vi heilt avhengige av å ha eit godt samarbeid med kommunane.

Dette fungerer no veldig bra og det er etablert ei god nok forståing om soknet si rolle i lokalsamfunnet. Soknet si kjerneverksemd er å vera eit gudstenestefeirande fellesskap og vera eit samlingspunkt for dei viktige hendingane i livet, frå vogge til grav. Trusopplæringa er heilt sentral, med konfirmanttida som det synlegaste uttrykket for dette. Kyrkja er også viktig for folk som kulturarena. I Austrheim opplever ein dette mest i form av ulike konsertarrangement. Og midt på sommaren har vi tilbod om open kyrkje nokre dagar i veka.

Soknet si frivillige diakoniteneste må også nemnast. At eit heilt frivilligkorps besøkjer eldre som fyller 80 og 85 og oppover, med hjartesjokolade og ein god prat, er noko som vert sett stor pris på. Dette ser vi igjen i takkeannonsene i Kyrkjebakken. I tillegg arrangerer diakoninemnda eldrefestar på Nordliheimen og Kyrkjelydshuset. Diakoninemnda er også praktisk tilretteleggjar for Gudsteneste for alle. Eit synleg prov for dette skjedde i fjor haust, då primus motor Britt Rebnord vart utpeikt som verdig vinnar av Regine Waages diakonipris, på ein stor diakonikonferanse i Bergen.

Ei anna kjerneverksemd for soknet er at vi er gravplassmyndigheit for alle innbyggjarane i kommunen. I Austrheim har soknet ansvar for alt som går på gravlegging, slått og vedlikehald av gravplassen, til registrering, slettingar og opning

av graver. Sidan soknet er formell eigar av gravplassane, er ikkje dette unaturleg. Dette er likevel ei teneste vi yter på vegne av kommunen og den er heilt uavhengig av om ein er medlem av kyrkja eller ikkje. At gravplassane våre framstår slik dei gjer, er noko vi både er stolte av og får mange fine tilbakemeldingar på.

Eg har i alle desse åra som kyrkjeverje på Austrheim og etterkvart på Fedje, vore velsigna med å spela på lag med veldig gode sokneråd og soknerådsleiarar. Dette er på ingen måte sjølv sagt. Begge sokna har og har hatt leiarar som er på, som bryr seg og som ønskjer å peika ut ein retning for kva kyrkja skal bety lokalt. Hadde ikkje dette fungert slik det no gjer, hadde kyrkjeverja kjempa i ein lang og seig og nærast uoverstigeleg motbakke.

No føles det godt å kunna gje seg, midt i jubileumsåret til Austrheimkyrkja. Eg er trygg på og glad for at vi får inn ein særdeles kompetent etterfølgjar, som eg veit at mange her i Austrheim set stor pris på. Og det ser ut til å løysa seg med ny kyrkjemusikar også, som eg trur Austrheimfolket vil få mykje glede av. Til slutt har vi fått styrka sekretærressursen og fått hanka inn vår gode medarbeidar med base på Fedje, slik at ho no får tilsaman ei 100% stilling. «Den enes død, den andres brød» heiter det i ordtaket. Alt dette og litt til får vi på plass seinare i haust. Og det gjer vi utan å auka opp dei stillingsrammene vi har

i dag. Eg bikkar 65 år i mai og har søkt om å gå av med AFP. Dei som ønskjer å smigra meg seier at dei ikkje kan tru at eg er blitt sååååå gammal. Sidan eg er litt svak for smiger tek eg det jo til meg. Eg føler meg uansett ganske ung i hovudet, enten dette stemmer

eller ikkje. Anita, bestevenn og kone, har argumentert for dette eit par år no. Å utsetja alt det kjekke ein skal ta igjen når ein vert pensjonist, har lite for seg om ein plutselig skulle bli sjuk og ufør eller det som verre er. Eg har rikeleg kjekke ting å «putla med» på garden vi bur på; med ved, juletre, vedlikehald, utleige på airbnb, fisking i fjorden og å vera på friplassen vår på Tysnes. Og ikkje minst jamnleg treffa på eit par andre kjente og naive likesinna på våre faste seter på Stadion.

Fredag 11.april, som er rett før påske, har eg min siste arbeidsdag. Så takk for meg og Guds rike velsigning vidare med å vera kanskje den viktigaste institusjonen eit lokalsamfunn kan eiga.

**Med venleg helsing
Leif Arne Økland**

**Kyrkjeverje for Austrheim og
Fedje sokn, enn så lenge.**